



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Prop. 75 L

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i bustøttelova
(skjerpa kontroll med bustøtte)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	7.2	Gjeldande rett og bakgrunnen for forslaget	10
2	Høyringa	5	7.3	Høyringsutkastet frå departementet	10
3	Litt om bustøtteordninga	7	7.4	Innspeil frå høyringsinstansane	11
			7.5	Vurderingar frå departementet	11
4	Personvernet og legalitetsprinsippet	7	8	Registersamkøyring (masseinnhenting av opplysningar for kontroll- føremål)	12
4.1	Innleiing	7		Innleiing	12
4.2	Grunnlova og Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK)	8	8.1	Gjeldande rett	13
4.3	Personopplysningsomgrepet og kravet til handsamingsgrunnlag	8	8.2	Høyringsutkastet frå departementet	13
4.4	Samtykke som handsamingsgrunnlag	8	8.3	Innspeil frå høyringsinstansane	13
4.5	Forholdet til andre lover	8	8.4	Vurderingar frå departementet	14
4.6	Legalitetsprinsippet	9	9	Kontroll i enkeltsaker etter at bustøtte er innvilga, for å avdekkje misbruk	15
5	Kva for personopplysningar treng Husbanken, og kvar kan dei hentast frå?	9	9.1	Innleiing	15
5.1	Type personopplysningar	9	9.2	Gjeldande rett	15
5.2	Ulike register	9	9.3	Høyringsutkastet frå departementet	15
			9.4	Innspeil frå høyringsinstansane	15
6	Vurderingar av rimeleg samsvar	10	9.5	Vurderingar frå departementet	16
6.1	Generelt om vurderingar av rimeleg samsvar og om personopplysningar	10	10	Økonomiske og administrative konsekvensar	17
6.2	Vurderingar av rimeleg samsvar i bustøttesaker	10	11	Merknader til dei enkelte føresegnene i lovforslaget	17
7	Innhenting og handsaming av personopplysningar til sakshandsaminga	10		Forslag til lov om endringar i bustøtteleova (skjerpa kontroll med bustøtte)	21
7.1	Innleiing	10			



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Prop. 75 L

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i bustøttelova (skjerpa kontroll med bustøtte)

*Tilråding frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 27. mars 2015,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Departementet føreslår nye reglar i bustøttelova om innhenting og bruk av opplysningar til handsaming av søknader om bustøtte utan at det er nødvendig med samtykke frå søkeren. Departementet føreslår også nye reglar om etterfølgjande kontroll.

Bustøtte er ei velferdsordning som er basert på rettar. Tildelinga er behovsprøvd, og legitimiteten til ordninga er avhengig av at det berre blir betalt ut støtte til dei som har krav på det. Ein må arbeide for å forhindre og avdekkje både feilutbetalingar og misbruk av bustøtte. Bustøttelova har ingen føresegner som klart heimlar kontroll med dette som føremål. Departementet føreslår tilføyningar i lova som ikkje etterlèt tvil om at Husbanken kan gjennomføre etterkontrollar. Grunngevinga for å skjerpe arbeidet mot misbruk ligg klart i dagen. Det er svært uheldig at velferdsytingar blir betalte ut til personar som ikkje fyller vilkåra. Dette undergrev motivasjonen og viljen den enkelte har til å bidra til finansiering av fellesgoda og velferdssamfunnet. Sjølv om ein ideelt sett kunne ønskje det, kan ikkje velferdsordningar som bustøtta vere baserte berre på tillit.

Forslaga er i vesentleg grad inspirerte av folketrygdlova kapittel 21, der det er gjeve reglar som regulerer retten til å hente inn og bruke opplysningar til sakshandsaming og til kontrollføremål i saker om ytingar etter folketrygdlova.

2 Høyringa

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sende 8. oktober 2014 forslag om endringar i bustøttelova på høyring. Forslaget blei sendt til desse høyringsinstansane:

Departementa

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

Datatilsynet

Forbrukarrådet

Husbanken

Husleigetvistutvalet

Innovasjon Noreg

Klagenemnda for Husbanken

Lånekassen

Nav

Regjeringsadvokaten

Riksrevisjonen

Skatteetaten

Statens innkrevjingssentral

Statens seniorråd

Stortingets ombodsmann for forvaltninga

Utlendingsdirektoratet

Kommunane

Den Norske Advokatforening

Ensliges landsforbund

Fattighuset
 Finans Norge
 Funksjonshemmedes fellesorganisasjon
 Huseiernes Landsforbund
 Juss-Buss
 Kirkens Bymisjon
 Kommunale Boligadministrasjoners Landsråd
 KS
 Leieboerforeningen
 Norges Huseierforbund
 Norske Boligbyggelags Landsforbund (NBBL)
 OBOS
 Pensjonistforbundet
 Sparebankforeningen
 Unge funksjonshemmede

Høyringsfristen gjekk ut 9. januar 2015. Departementet fekk inn 27 merknader til forslaget. Eit stort fleirtal av høyringsinstansane støttar forslaga, men nokre meiner at heimelen til å kontrollere enkeltsaker ved mistanke om misbruk er for omfattande.

Desse instansane tok opp realiteten i forslaget i høyringssvaret sitt: Helse- og omsorgsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Arbeids- og velferdsdirektoratet, Datatilsynet, Husbanken, Klagenemnda for Husbanken, Skattedirektoratet, Statens innkrevjingssentral, Utlendingsdirektoratet, Bærum kommune, Hamar kommune, Hareid kommune, Larvik kommune, Kristiansand kommune, Kvinnherad kommune, Stavanger kommune, Stjørdal kommune, Trondheim kommune, Advokatforeningen, Fellesorganisasjonen, Leieboerforeningen og Leieboerforeningen Bergen.

Desse instansane hadde ikkje merknader til forslaget: Klima- og miljødepartementet, Kunnskapsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Samferdselsdepartementet, Statens innkrevjingssentral og KS.

Her gjev vi att hovudsynspunkta frå høyringsinstansane. Elles blir dei relevante merkna-dene refererte i omtalen av dei enkelte forslaga.

Datatilsynet meiner det er positivt at departementet ønskjer å forankre kontrollverksemda og handsaminga av personopplysningar i Husbanken i nye føresegnar i bustøttelova. Datatilsynet ser at offentlege velferdsytingar som bustøtte vil kunne bli misbrukte utan adekvate kontrollinstrument.

Justis- og beredskapsdepartementet støttar at det blir lagt inn uttrykkjelege lovheimlar for handsaming av personopplysningar til kontrollføremål. Justisdepartementet er einig i at uttrykkjelege lovheimlar er eit meir eigna handsamingsgrunnlag enn samtykke. Justisdepartementet peikar på at dei foreslåtte føresegnene

gjev forholdsvis vide heimlar for å hente inn personopplysningar og for unntak frå reglane om teieplikt. Dette gjev grunn til å vurdere forslaget opp mot Grunnlova og Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK).

Helse- og omsorgsdepartementet føreset at §§ 8 og 8 a ikkje kan komme til bruk på helseopplysningar som ligg under teieplikt etter helsepersonellova, men har elles ingen merknader til desse føresegnene.

Husbanken støttar forslaget om endring slik at lovheimel blir grunnlag for handsaming av bustøttesøknader. Vidare er Husbanken nøgd med at det blir foreslått heimlar for å hindre feilutbetalningar av bustøtte. Husbanken meiner at det bør gå tydelegare fram at registerkontroll også kan skje bakover i tid, og at ein kan hente inn opplysningar om familieforhold. Husbanken foreslår at også adresseregisteret til Posten blir teke med i §§ 8 og 8 a. Husbanken meiner at forslaget til heimel for kontroll i enkeltsaker i ettertid må gjerast meir effektivt, og foreslår at kravet om *sterk og konkret mistanke* blir senka til *rimeleg grunn til mistanke*. For å gjere arbeidet med kontroll meir effektivt ønskjer Husbanken fleire heimlar og verkemiddel enn dei som er foreslåtte. For det første etterlyser Husbanken ein heimel for å avslå søknader dersom søkjaren ikkje kan godtgjere å ha inntekter som gjer dekning av både buutgifter og livsopphald mogleg. I slike saker er det normalt «svarte» inntekter, slik at ein ikkje bør betale ut bustøtte. For det andre ønskjer Husbanken ein heimel for å avslå søknader når søkjaren ikkje på tilfredsstillande vis kan gjere greie for kven som bur i husstanden, eller kvar personar som ein går ut frå at er del av husstanden, bur.

Klagenemnda for Husbanken støttar forslaget til heimlar for kontroll av opplysningar på sakshandsamingsstadiet og for registersamkøyring, men er tvilande når det gjeld kontroll av opplysningar om enkeltpersonar i ettertid for å avdekkje misbruk.

Skattedirektoratet meiner lovforslaga kan føre til meir effektiv sakshandsaming og betre opplysningskvalitet, og forhindre at mottakarar får for mykje eller for lite bustøtte.

Utlendingsdirektoratet peikar på at lovforslaga fører til at Husbanken vil kunne hente inn opplysningar frå Utlendingsdatabasen i enkeltsaker og ved samkøyring mot eige register. Utlendingsdirektoratet støttar forslaget til lovheimel for å kunne hente inn opplysningar til sakshandsaming og til kontroll i ettertid, men meiner at lovteksten bør spesifisere kven Husbanken skal kunne få opplysningar om. Utlendingsdirektoratet støttar også for-

slaget om heimel for registersamkøyring, men presiserer at forholda i dag ikkje reint praktisk ligg til rette for å gjennomføre slik samkøyring.

Bærum kommune peikar på at bustøtteordninga fungerer som eit fattigdomsførebyggjande tiltak, og at ho rettar seg mot ei sårbar befolkningsgruppe. Bærum kommune meiner at det å hente inn opplysningar om personar som søker bustøtte, kan vere stigmatiserande sjølv om opplysningane isolert sett ikkje er sensitive.

Larvik kommune meiner at det å hente inn helseopplysningar utan samtykke vil vere eit alvorleg inngrep overfor bustøttemottakaren. Larvik kommune er også imot at ein skal kunne hente inn opplysningar om «kven som helst» for å avdekkje misbruk, og meiner at heimelen går lenger enn nødvendig. Kommunen meiner at ein heller ikkje bør opne for å hente inn opplysningar om andre enn bustøttesøkjaren utan samtykke.

Stavanger kommune støttar forslaga om kontroll ved søknad, at samtykkekravet blir fjerna, og forslaget til reglar om registerkontroll. Stavanger kommune meiner derimot at kontrolltiltak i enkelt saker som fører til at privatpersonar og andre private aktørar blir involverte, er for vidtrekkande.

Stjørdal kommune meiner at det framleis bør vere krav til samtykke for at Husbanken skal kunne gjere registerkontroll.

Kristiansand kommune, Hamar kommune, Kvinnherad kommune og Trondheim kommune støttar forslaga. *Hareid kommune* støttar forslaga «så lenge personvernet vert ivareteke».

Advokatforeningen meiner at forslaget til ny § 8 første ledd er unødvendig omfattande. Vidare er Advokatforeningen ueinig i at fordelane med auka registerkontroll veg opp for ulempene ved inngrepet i personvernet. Advokatforeningen hevdar at det «ikke synes forholdsmessig med en omfattende hjemmel for å kunne ettergå enkeltpersoner særskilt, sett i forhold til størrelsen på problemet med misbruk av ordningen».

Fellesorganisasjonen meiner at forslaget er i strid med § 102 i Grunnlova om retten til privatliv. Fellesorganisasjonen framhevar at mange opplever det som stigmatiserande å vere fattig i eit rikt land som Noreg, og at dei føreslåtte lovheimlane vil gje høve til kontrollar som vil bli opplevde som ei tilleggsbelastning for ei allereie utsett gruppe.

Leieboerforeningen er einig i at lovheimel bør erstatte samtykke som grunnlag for å hente inn opplysningar på sakshandsamingsstadiet. Leieboerforeningen støttar også forslaget til lovheimel for registerkontrollar, men er kritisk til at Husbanken skal få heimel til å krevje opplysningar frå kven som helst ved mistanke om misbruk.

Nokre høyringsinstansar har bede departementet vurdere om Husbanken bør få heimel til å varsle Nav når Husbanken kjem over opplysningar som kan tyde på at søkjaren svindlar Nav. Departementet viser til at dette ikkje har vore eit tema i høyringsnotatet og heller ikkje høyrer naturleg heime i eit forslag som gjeld skjerpa kontroll med bustøtte. Departementet vil likevel greie ut spørsmålet og eventuelt fremme forslag om lovreglar som gjer det mogleg for tilsette i Husbanken å varsle Nav ved mistanke om straffbare forhold.

3 Litt om bustøtteordninga

Det følgjer av bustøtteleova § 1 at føremålet med bustøtta er «å sikre personar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad». Bustøtta skal motverke fattigdom og redusere talet på bustadslause.

Vilkåra for tildeling av bustøtte finn ein i lova. Søkjaren må vere over 18 år, ha lovleg opphald i Noreg og vere registrert i folkeregisteret. Studentar og vernepliktige fell utanfor ordninga. Bustaden må vere godkjend som bustad og tilfredsstillende visse krav til standard.

Dersom vilkåra som er knytte til person og bustad er oppfylte, er det forholdet mellom buutgiftene og inntekta som avgjer om det blir tildelt støtte, og i så fall kor mykje. Det er også avgjerande om søkjaren bur aleine eller saman med nokon. Nærare reglar om utrekning av støtta finn ein i § 6 i lova og i forskrift 29. november 2012 nr. 1283 om bustøtte.

Kommunane er førstelinje i sakshandsaminga, men det er Husbanken som fattar vedtak. Bustøtte blir rekna ut og vedteke for ein månad om gongen. Klagenemnda for Husbanken handsamar klager på vedtaka.

Alle som søker om bustøtte, blir registrerte i eit sakshandsamingssystem som ein kan hente ut opplysningar frå. Alle som brukar systemet, må skrive under på ei teieplikterklæring.

4 Personvernet og legalitetsprinsippet

4.1 Innleiing

Personvern og respekten for fred i privatlivet har lange tradisjonar i Noreg og i dei internasjonale menneskerettskonvensjonane. Personvern handlar om retten til eit privatliv og om retten til å bestemme over eigne personopplysningar. Per-

sonopplysningsvern er knytt til moglegheita til sjølv å kontrollere kor mykje informasjon om eigen person som blir spreidd til andre, og når og korleis dette skjer.

Det er viktig at publikum har tillit til at personopplysningar blir handsama på ein trygg og forsvarleg måte. Personopplysningsvern dreier seg om reglar for handsaming av personopplysningar der hovudføremålet er å sørge for personvernet.

4.2 Grunnlova og Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK)

Grunnlova § 102 første ledd første punktum slår fast at «[a]lle har rett til respekt for privatlivet og familielivet sitt, for heimen sin og kommunikasjonen sin». Føresegna synest å føre med seg ein individuell og materiell rett til privatliv (psykisk integritet). Andre ledd slår fast at «[d]ei statlege styresmaktene skal sikre eit vern om den personlege integriteten», og omfattar, i motsetnad til første ledd, også den fysiske integriteten. Føresegna var ny ved grunnlovsreforma i 2014. Spørsmålet om ei lov som grip inn i privat- og familielivet, heimen, kommunikasjonen eller den personlege integriteten, er i samsvar med § 102, vil vere avhengig av om lova vernar om eit legitimt føremål og er rimeleg.

Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) artikkel 8 vernar også om den retten borgarane har til respekt for privatlivet. EMK set grenser for kva lovgjevaren kan vedta. Sjølv om eit kontrolltiltak skulle representere eit inngrep i privatlivet, er det likevel ikkje i strid med konvensjonen dersom inngrepet har heimel i lov, har eit relevant føremål og er nødvendig i eit demokratisk samfunn. Det siste vilkåret fører med seg eit krav til rimeleg samsvar mellom inngrep (kontrolltiltak) og føremål (rette utbetalingar og avdekking av misbruk).

Lovforslaga her gjev forholdsvis vide heimlar for å hente inn, bruke og kontrollere personopplysningar, men departementet meiner likevel dei ligg godt innanfor rammene av Grunnlova § 102 og EMK artikkel 8. Begge føresegnene krev samsvar mellom kontrolltiltaka og føremålet. Departementet viser til den generelle omtalen av samsvar i kapittel 7 og til dei pågåande vurderingane av dei konkrete forslaga. Departementet meiner at dei føreslåtte heimlane ikkje går lenger enn det som er nødvendig, med andre ord at det er eit rimeleg samsvar mellom mål og middel.

4.3 Personopplysningsomgrepet og kravet til handsamingsgrunnlag

Opplysningar om bustad, inntekt, formue, buutgifter og husstandsmedlemmer er personopplysningar, men er vanlegvis ikkje *sensitive* personopplysningar. Dette følgjer av personopplysningslova § 2. Opplysningar som i utgangspunktet ikkje er sensitive, kan av og til likevel vere det, til dømes når kven som er ein husstandsmedlem, kan røpe seksuelle forhold (homofilt sambuarskap).

Personopplysningar kan berre «handsamast», det vil seie samlast inn, registrerast, brukast mv., dersom det finst eit handsamingsgrunnlag, jf. personopplysningslova § 8. Handsamingsgrunnlag kan ifølgje føresegna vere lovheimel, samtykke frå den registrerte eller at handsaminga er «nødvendig» for visse føremål som er lista opp i § 8, til dømes for å utøve offentleg mynde. Dei tre handsamingsgrunnlag er likeverdige.

4.4 Samtykke som handsamingsgrunnlag

I Meld. St. 11 (2012–2013) *Personvern – utsikter og utfordringar* står det at samtykke bør vere det føretrekte handsamingsgrunnlaget dersom den registrerte reelt sett kan velje om han eller ho vil vere registrert. Samtykke er det grunnlaget som best tek vare på retten den registrerte har til å bestemme over eigne personopplysningar. Det skal likevel seiast at samtykke er lite eigna som grunnlag for offentlege kontrollføremål. Årsaka til dette er, ifølgje stortingsmeldinga, både at styrkeforholdet mellom stat og innbyggjar er så skeivt at samtykket ikkje er frivillig, og at omsyna til samfunnet veg så tungt at retten til sjølv å bestemme uansett må setjast til side (side 33).

Det er, slik departementet ser det, ikkje tilfredsstillande at handsaming av personopplysningar etter bustøttelova er avhengig av samtykke frå søkjaren og eventuelle husstandsmedlemmer. Det er derfor gode grunnar til å gje reglar om anna handsamingsgrunnlag, det vil seie lovgrunnlag.

4.5 Forholdet til andre lover

Personopplysningslova § 5 regulerer forholdet til andre lover. Det går fram av føresegna at reglane i lova ikkje gjeld for handsaming av personopplysningar dersom anna følgjer av særskild lov som regulerer handsamingsmåten. Det er altså høve til å gje avvikande reglar, men føresegnene i personopplysningslova gjeld så sant ikkje anna følgjer av den særskilde lova. Det vil mellom anna seiast at ein

framleis skal leggje til grunn krava til informasjonsstryggleik med meir i personopplysningslova.

Departementet meiner at forslaga her er i samsvar med grunnprinsippa i § 11 i personopplysningslova. Alle dei fem vilkåra i føresegna må vere oppfylte for at handsaminga kan seiast å vere i samsvar med lova. Bokstav a pålegg den handsamingsansvarlege å sørge for at personopplysningar berre blir handsama når det finst handsamingsgrunnlag etter §§ 8 og 9. Bokstav b understrekar at personopplysningar berre kan brukast til uttrykkjeleg oppgjevne føremål. Vidare avgrensar bokstav c moglegheita til å bruke alleie innsamla personopplysningar til føremål som ikkje er i samsvar med det opphavlege innsamlingsføremålet. Bokstav d pålegg den handsamingsansvarlege å sørge for at personopplysningar som blir handsama, er tilstrekkelege og relevante for føremålet med handsaminga. I bokstav e har den handsamingsansvarlege plikt til å sørge for at opplysningane er korrekte og oppdaterte, og at dei ikkje blir lagra lenger enn det som er nødvendig ut frå handsamingsføremålet.

4.6 Legalitetsprinsippet

Kontroll av bustøttemottakarar rører ved *legalitetsprinsippet*. Prinsippet, som no er grunnlovfesta, går ut på at inngrep som forvaltninga ønskjer å gjere overfor den enkelte, må ha heimel i lov, jf. Grunnlova § 113. Føresegna var ny ved grunnlovsreforma i 2014 og er den same som forslaget frå det stortingsoppnemnde Lønning-utvalet, som greidde ut spørsmålet om ei generell utviding av menneskerettsvernet i Grunnlova. Utvalet understreka at ein ikkje tok sikte på noka endring av rettstilstanden, samanlikna med den som følgde av konstitusjonell sedvanerett, jf. Dok. 16 (2011–2012) side 248. Føremålet med § 113 var å «synliggjøre prinsippet og samtidig vise at det fungerer som en reell skranke for makthavernes myndighetsutøvelse».

Kontrollar som blir utførte av offentlege styresmakter, vil vere eit slikt «inngrep». Dess meir inngripande tiltaket er, dess klarare må lovheimelen vere. Føremålet med kontrollane i bustøttesaker er ikkje berre å unngå feilutbetalingar, men også å hindre at bustøtteordninga blir misbrukt. I dei tilfella der kontroll kan føre til at misbruk blir avdekt, med påfølgjande mogleg straffansvar for borgarane, følgjer det av legalitetsprinsippet at presisjonsnivået i lova må vere høgt. Heimelsgrunnlaget må vere tydeleg og målretta.

5 Kva for personopplysningar treng Husbanken, og kvar kan dei hentast frå?

5.1 Type personopplysningar

For å avgjere om ein søkjar har krav på bustøtte, og i så fall kor mykje, treng Husbanken opplysningar om kvar søkjaren bur, om søkjaren bur aleine eller saman med nokon, opplysningar om skattbar inntekt og formue for alle i husstanden, og opplysningar om buutgifter. Bustøtteforskrifta § 2 slår fast kva for buutgifter som skal reknast inn. I tillegg til rein husleige skal ein ta med felleskostnader i burettslag og eigarseksjonssameige. For andre typar bustader inngår driftsutgifter med ei øvre grense på kr 12 000 i året, handtering av lån til finansiering av bustaden (renter, avdrag og gebyr), kommunale avgifter, eigedomsskatt og festeavgift.

Husbanken treng også opplysningar om søkjaren er student eller vernepliktig fordi desse fell utanfor bustøtteordninga.

Bustøtteregelverket har nokre særreglar for unge uføre og alders-, uføre- og etterlatnepensjonistar. Husbanken treng derfor informasjon om dette.

Har husstanden spesielt høge buutgifter fordi nokon i husstanden er funksjonshemma med behov for spesialtilpassa bustad, kan den øvre grensa for buutgifter bli auka. Dette treng Husbanken informasjon om.

5.2 Ulike register

Opplysningane finst i ulike typar register. Dei mest aktuelle er folkeregisteret, likningsregistera, adresseregisteret til Posten, registeret til Lånekassen, verneplikts- og tenesteregisteret i Forsvaret, opphaldsstatustenensta til Utlendingsdirektoratet og registera til Nav. Unntaksvis kan det også vere aktuelt å hente inn opplysningar frå kunderegister i bankar og forsikringsselskap.

Lov om arbeidsgivers innrapportering av ansettelses- og inntektsforhold med mer (a-opplysningslova) tredde i kraft 1. januar 2015. Hovudføremålet med lova er å forenkle og samordne den kontakten arbeidsgjevarane har med det offentlege. Gjennom a-ordninga samkøyrer ein dei krava styresmaktene stiller til innrapportering av opplysningar om inntekts- og tilsetjingsforhold, slik at dei opplysningspliktige enkelt kan oppfylle rapporteringsplikta. A-meldinga skal leverast av alle som betalar lønn, pensjon og ytingar minst ein gong i månaden. Arbeidsgjevarane sender dei same opplysningane til Nav, Skatteetaten og Statistisk sentralbyrå samti-

dig. A-ordninga gjer at arbeids- og inntektsopplysningane blir registrerte hos det offentlege i same takt som dei blir genererte hos arbeidsgjevarane. Det blir no førebudd ei teknisk løysing for at Husbanken skal få tilgang til ferske registeropplysningar frå Skatteetaten om inntekt som er innrapportert gjennom a-ordninga. Målet er at ordninga skal vere operativ i løpet av 2016.

6 Vurderingar av rimeleg samsvar

6.1 Generelt om vurderingar av rimeleg samsvar og om personopplysningar

Departementet vil peike på at det er vanskeleg å vege kontrollbehovet til det offentlege opp mot personvernomsyn. Personvernet er ei ideell interesse som ikkje er lett målbar, og som derfor kan vere krevjande å vege opp mot reint økonomiske interesser. Vidare er personverninteresser først og fremst individuelle, medan samfunnsinteressa i å kontrollere er kollektiv.

6.2 Vurderingar av rimeleg samsvar i bustøttesaker

I bustøttesaker er det sjeldan tale om å handsame sensitive personopplysningar, men ein kan tenkje seg unntak der til dømes bustadsadressa kan røpe eit underliggjande sensitivt forhold, slik som at søkjaren held til på ein institusjon eller i eit fengsel. Likevel er det i slike tilfelle lite truleg at søkjaren har rett til bustøtte, og derfor også lite truleg at nokon vil komme til å søke. Det vil heilt sjeldan vere aktuelt å hente inn opplysningar om helsa til søkjaren. Unntak kan skje for unge uføre fordi inntektsgrensa for denne gruppa er sett noko høgare enn elles. Også i dei tilfella der ein funksjonshemma søker om høgare støtte på grunn av utgifter til spesialtilpassing av bustaden, kan det skje at det er nødvendig å hente inn sensitive personopplysningar. Husbanken treng uansett som den store hovudregelen berre opplysningar av økonomisk karakter.

Departementet føreslår å lovfeste at Husbanken kan hente inn opplysningar om andre enn bustøttemottakaren. Dei aktuelle opplysningane er klart knytte opp mot grunnvilkåra for å få bustøtte, til dømes om søkjaren bur saman med nokon. Departementet viser til at det er den samla inntekta til *husstanden* som avgjer om og kor mykje bustøtte ein søkjar har krav på, og det er derfor nødvendig for Husbanken å hente inn opplysningar om husstandsmedlemmer. Opplysningane

er som hovudregel ikkje sensitive, og departementet meiner at personverninteresser ikkje bør vere til hinder for ei slik presisering.

Departementet meiner samla sett at fordelane ved meir kontroll klart veg opp for ulempene ved inngrepet i personvernet.

7 Innhenting og handsaming av personopplysningar til sakshandsaminga

7.1 Innleiing

Handsaming av ein søknad om bustøtte krev tilgang til opplysningar om bustad, inntekt, formue og buutgifter for alle medlemmer av den husstanden som søker bustøtte. Husbanken må kunne kontrollere dei opplysningane søkjaren gjev i søknaden om bustøtte. I dag baserer ein innhenting/kontroll av slike opplysningar på samtykke frå søkjaren.

7.2 Gjeldande rett og bakgrunnen for forslaget

Det følgjer av bustøttelova § 8 første ledd at Husbanken kan hente inn opplysningar som verkar inn på rettar og plikter etter bustøtteregelverket frå offentlege styresmakter, långevarar, utleigarar, burettslag og eigarseksjonssameige. Slik innhenting er likevel avhengig av samtykke frå den det gjeld, jf. bustøttelova § 8 andre ledd. Husbanken har laga eit samtykkeskjema som søkjarane må fylle ut for å få søknaden sin handsama. Samtykkekravet gjeld både søkjaren og andre i husstanden. Husbanken må også ha samtykke for å bruke opplysningane i sakshandsaminga.

Husbanken gjev i dag opplysningar på søknadsskjemaet om kva for opplysningar som blir henta inn, og kva som blir kontrollert. Det blir også vist til ei oppdatert nettside der dette og meir informasjon om personvern kjem fram. Husbanken vil halde fram med dette sjølv om samtykkekravet blir fjerna.

7.3 Høyringsutkastet frå departementet

Departementet føreslo i høyringsnotatet å lovfeste at opplysningane som er nemnde i bustøttelova § 8 første ledd, kan hentast inn utan at det blir kravd samtykke. Føresetnaden skulle vere at søkjaren på førehand får god informasjon om kva for opplysningar som vil bli henta inn. Departementet la til grunn at når formålet ikkje er anna

enn å handsame ein søknad, kan innhenting av opplysningar for å kontrollere at den informasjonen søkjaren har gjeve, er korrekt, vanskeleg seiast å gripe inn i personopplysningsvernet til søkjaren. Departementet hevda at ein slik framgangsmåte ikkje er urimeleg overfor søkjaren.

Departementet føreslo å oppheve gjeldande § 8 første og andre ledd og samle regelen om innhenting og handsaming i eit nytt første ledd.

7.4 Innspel frå høyringsinstansane

Datatilsynet, Klagenemnda for Husbanken, Skatteinspektariatet, Utlendingsdirektoratet, Trondheim kommune og Husbanken støttar forslaget.

Datatilsynet deler synet til departementet på at samtykke ikkje er eigna som grunnlag for handsaming av personopplysningar i samband med handsaming av ein bustøttesøknad.

Husbanken meiner at heimelen må utformast slik at han også omfattar tilbakelagde periodar. Husbanken gjer merksam på at Posten Noreg er organisert som eit AS og derfor ikkje er omfatta av omgrepet «offentleg styresmakt». Husbanken ønskjer tilgang til opplysningar i adresseregisteret til Posten.

Leieboerforeningen er einig i at samtykkekravet blir fjerna og erstatta med lovheimel, men peikar på at det er viktig at Husbanken gjev god informasjon til søkjarane om kva for opplysningar som vil bli henta inn.

Bærum kommune meiner at samtykke framleis bør vere grunnlag for innhenting av opplysningar som er nødvendige for å handsame ein søknad om bustøtte.

Fellesorganisasjonen er einig i at samtykke ikkje oppfyller kravet til frivillig og informert samtykke, men meiner likevel at forslaget er i strid med Grunnlova.

Justis- og beredskapsdepartementet spør om ordlyden i § 8 i forslaget har fått ei tenleg utforming når han gjev heimel for å hente inn opplysningar «kvar månad». Justisdepartementet viser til at det i lovteksten ikkje er bestemt med kva tidsintervall vedtak om bustøtte og utbetaling skal skje, og at det då ikkje verkar tenleg at lovteksten set tidsmessige avgrensingar. Justisdepartementet peikar også på at det ikkje går fram om reglane om informasjonsplikt i personopplysningslova § 20 skal gjelde, eller om den som blir pålagd å gje opplysningar, kan krevje betaling.

Utlendingsdirektoratet meiner ein må spesifisere kva for personkrins som er omfatta av føresegna.

Advokatforeningen meiner det er «manglende forholdsmessighet mellom det som skal kontroller

res og den omfattende hjemmel til å innhente personopplysningar som følger av forslag til nytt første ledd i § 8». Advokatforeningen meiner i staden at søkjaren bør bli pålagd ei strengare dokumentasjonsplikt.

Helse- og omsorgsdepartementet føreset at § 8 ikkje kan komme til bruk på helseopplysningar som ligg under teieplikt etter helsepersonellova.

7.5 Vurderingar frå departementet

Det er, slik departementet vurderer det, ikkje tilfredsstillande at innhenting og bruk av opplysningar er avhengig av at søkjaren samtykkjer. Reelt sett har ikkje søkjaren noko anna alternativ enn å samtykke dersom vedkommande skal få søknaden handsama. Eit slikt samtykke oppfyller derfor neppe kravet til informert og frivillig samtykke etter personopplysningslova § 2 nr. 7.

Frå 1. januar 2015 blei a-ordninga, ei ny rapporteringsordning for arbeidsgjevarar og andre opplysningspliktige, innført. Rapportering av lønns- og tilsetjingsforhold til Skatteetaten, Nav og Statistisk sentralbyrå (SSB) vil bli samla i den nye a-meldinga og skal sendast inn kvar månad av alle som betalar ut lønn, pensjon og andre ytingar. Når den tekniske løysinga som er omtalt i andre avsnittet i 5.2 er klar, kan Husbanken få tilgang til ferske registeropplysningar frå Skatteetaten om inntekt som er innrapportert gjennom a-ordninga. Heimelen for dette vil bli § 8 første ledd.

Departementet viser til at nesten alle høyringsinstansane har vore positive til forslaget i høyringsnotatet. Berre *Bærum kommune* og *Fellesorganisasjonen* meiner at samtykke framleis bør vere rettsleg grunnlag for å hente inn og handsame slike opplysningar. *Bærum kommune* grunnleggjer standpunktet sitt med at innhenting av opplysningar verkar stigmatiserande. Departementet har forståing for at bustøttemottakarar er ei sårbar gruppe, men meiner likevel at det er rett, når samtykke uansett ikkje kan seiast å vere frivillig, å fjerne samtykkekravet og innføre lovheimel som handsamingsgrunnlag.

Fellesorganisasjonen meiner at forslaget er i strid med Grunnlova § 102, og at unntak derfor må vere heimla i det andre leddet i føresegnene, men grunnleggjer ikkje standpunktet nærare. Departementet meiner det er rett å lovfeste at Husbanken kan hente inn opplysningar som verkar inn på rettar og plikter etter bustøtteregelveverket, utan samtykke frå den det gjeld. Det er ikkje tilfredsstillande at innhenting og bruk av opplysningar til sakshandsaminga er avhengig av at søkjaren samtykkjer når søkjaren ikkje har noko anna alterna

tiv enn å samtykkje dersom vedkommande skal få søknaden handsama. Departementet meiner at krav om samtykke i dei fleste saker fører til noko meirarbeid utan at det gjev nokon vinst for personvernet. Departementet er heller ikkje einig med Fellesorganisasjonen i at det er i strid med Grunnlova å erstatte samtykkekravet med lovheimel. Departementet nemner elles at det ikkje, slik Fellesorganisasjonen skriv, er nokon unntaksregel i andre leddet i føresegna. Departementet er likevel einig med Fellesorganisasjonen i at det er viktig med kontakt med søkjaren og rettleiing i kva som blir kravd for å få innvilga bustøtte.

Departementet er einig med *Husbanken* i at Posten, sidan han er organisert som eit AS, ikkje er omfatta av omgrepet «offentleg styresmakt» i § 8 første ledd i høyringsutkastet. Det er viktig for Husbanken å få tilgang til opplysningar frå adresseregisteret til Posten fordi mange av misbrukssakene handlar om at søkjaren oppgjev uriktig bustad. «Postoperatør» er derfor teke med i tilrådinga her.

Innspelet frå *Husbanken* om at heimelen må utformast slik at han også omfattar tilbakelagde periodar, er innarbeidd. Departementet er einig med Husbanken i at ein også må kunne kontrollere opplysningar for tilbakelagde periodar sidan ikkje alle opplysningar nødvendigvis blir kontrollerte i samband med vedtak. Husbanken viser til dømes til at det ikkje er praksis for å etterprøve dei opplysningane søkjaren gjev om buutgifter hos långjevar eller utleigar. Dersom det kjem tips om at ein bustøttemottakar har oppgjeve for høge buutgifter, må det vere høve til å kontrollere også bakover i tid.

Departementet er einig med *Justis- og beredskapsdepartementet* i at § 8 i forslaget har fått ei lite tenleg utforming når han gjev heimel for å hente inn opplysningar «kvar månad». Bakgrunnen for forslaget var at det blir gjort nytt vedtak om bustøtte kvar månad. Departementet meiner likevel at lovteksten ikkje treng vere så snever, og har sløyfa «kvar månad» i ordlyden i tråd med innspelet.

Departementet er einig med *Justis- og beredskapsdepartementet* i at det bør gå fram om reglane om informasjonsplikt i personopplysningslova § 20 skal gjelde. Departementet har komme til at regelen bør gjelde. Ei tilvising til personopplysningslova § 20 er teken inn i lovteksten.

Departementet har, etter høyringsinnspel frå *Justis- og beredskapsdepartementet*, gjort ei tilføyning i lovteksten om at den som pliktar å levere ut opplysningar, ikkje kan krevje betaling. Departementet meiner at dette ikkje er urimeleg ettersom

det gjeld opplysningar som allereie er samla inn (ikkje treng produserast).

Justis- og beredskapsdepartementet har etterlyst ei vurdering av om ein burde ta inn fleire føresegner enn det høyringsnotatet la opp til, etter mønster av dei tilsvarende reglane i folketrygdlova. Mellom anna gjaldt dette reglane om bevisfritak for nærståande og bevisfritak for belastande personopplysningar i tvistelova. Desse reglane er i folketrygdlova § 21-4 c femte ledd gjevne tilsvarende bruk. Departementet har komme til at det er naturleg og rimeleg at dei nemnde fritaksreglane skal gjelde på same måten i bustøttesaker.

Helse- og omsorgsdepartementet føreset i høyringsfråsegna si at § 8 ikkje kan komme til bruk for helseopplysningar som ligg under teieplikt etter helsepersonellova. Til dette viser departementet til at det i forslaget til § 8 første ledd positivt er rekna opp kvar Husbanken kan hente opplysningar frå. Ordlyden dekkjer ikkje innhenting av opplysningar frå helsepersonell. Den føreslåtte heimelen omfattar altså ikkje helseopplysningar, i motsetnad til folketrygdlova § 21-4 der det går fram at «opplysningar kan innhentes fra helsepersonell».

Utlendingsdirektoratet meiner ein må spesifisere kva for personkrins som er omfatta av føresegna. Departementet kan ikkje sjå at det skulle vere nødvendig å spesifisere i lovteksten kva for personkrins som er omfatta. Det bør vere nok at det går fram kva slags opplysningar Husbanken kan hente inn, og frå kven.

8 Registersamkøyring (masseinnhenting av opplysningar for kontrollføremål)

8.1 Innleiing

Registersamkøyring kan skje ved samkøyring av namnelister frå sakshandsamingssystemet til Husbanken med namnelister i register hos andre offentlege styresmakter, og eventuelt private. Ved registersamkøyring kan det bli gjeve ut opplysningar frå sakshandsamingssystemet til Husbanken for så å hente inn opplysningar frå eit anna register utan at det er nokon mistanke om feil i faktagrunnlaget i saka. Det er tale om rutinemessige kontrollar. Bruken av namnelister gjer det heilt klart kven kontrollen gjeld. Registersamkøyring vil resultere i lister over saker det er grunn til å sjå nærare på, og legg til rette for ein målretta innsats for både å avdekkje reine feilutbetalningar og misbruk av bustøtteordninga.

Det har vore diskutert om slike kontrollar er heimla i dagens bustøttelov. Departementet føreslår derfor ei endring i lova som klart og tydeleg slår fast at Husbanken kan gjennomføre registerkontrollar.

Departementet føreslår detaljerte reglar om *gjennomføringa* av registerkontroll. Gjennomføringsreglane bidreg til å sikre personvernet ved at dei gjev klare rammer for kva slags kontrollar som kan gjerast, og dermed minimaliserer ei eventuell personvernkreking.

Departementet har føreslått at heimelen for elektronisk masseinnhenting av opplysningar blir gjeven i ny § 8 a. Vidare har departementet føreslått at reglar om gjennomføring av kontrollane blir tekne inn i ein ny § 8 b.

8.2 Gjeldande rett

Bustøttelova har i § 10 bokstav d ein heimel for å gjennomføre systematisk etterkontroll av opplysningar om inntekt og/eller formue som blei brukte ved handsaminga av søknaden. Dersom det blir avdekt avvik som er større enn grensene som er fastsette i bustøtteforskrifta, kan bustøtta bli kravd tilbake utan omsyn til skuld. Når dette er sagt, manglar lova heimlar for kontroll av andre typar opplysningar enn inntekt og formue.

Etter dagens praksis skriv søkjaren under på skjemaet «samtykke til behandling av bustøtte». Søkjaren samtykkjer der i at Husbanken kvart år kan etterkontrollere inntektsgrunnlaget som er brukt i utrekninga av bustøtte. Samtykket omfattar altså berre inntektsopplysningar.

8.3 Høyringsutkastet frå departementet

Departementet føreslo i høyringsnotatet ei endring i lova om at Husbanken kan gjennomføre registerkontrollar utan at den registrerte må samtykkje, og at andre opplysningar enn inntekt kan etterkontrollerast. Føremålet med kontrollen skal ikkje berre vere å avdekkje misbruk, men også å sikre at mottakarane får den støtta dei har krav på.

Heimelen for elektronisk masseinnhenting av opplysningar til kontrollføremål blei føreslått gjeven i ny § 8 a første til tredje ledd.

Departementet føreslo detaljerte reglar om *gjennomføringa* av registerkontroll. Gjennomføringsreglane skal bidra til å sikre personvernet ved at dei minimaliserer ei eventuell personvernkreking. Registerkontroll skal gjerast av særskilt utpeika einingar. Når ikkje alle sakshandsamande einingar kan gjere registersøk, vil ikkje opplysningar bli spreidde unødvendig. Kontrollen må gjen-

nomførast slik at Husbanken ikkje får tilgang til opplysningar utover det som er nødvendig for kontrollføremålet. Dette er i samsvar med prinsippa om relevans og minimalitet i personopplysningslova. Samkøyringa må gjennomførast slik at opplysningar om andre enn det namnet ein spør om, ikkje blir gjevne ut. Dette vil likevel ikkje seie at det ikkje er høve til å hente inn opplysningar om andre enn bustøttemottakaren når føremålet er å kontrollere om vilkåra for å få bustøtte er oppfylte. Heimel for dette er å finne i § 8 a første ledd andre punktum.

Dei føreslåtte reglane er i vesentleg grad inspirerte av folketrygdlova § 21-4 (heimelsføresegna) og § 21-4 d (gjennomføringsreglane). Ordlyden er tilnærma identisk på fleire punkt, og det har som hovudregel vore departementet si meining at ein skal forstå og praktisere føresegnene på same måten. På nokre punkt er det avvik mellom dei føreslåtte føresegnene og tilsvarande i folketrygdlova, som oftast på den måten at reglar i folketrygdlova *ikkje* er tekne med. Hovudårsaka til dette er at det i bustøttesaker, i motsetnad til i saker etter folketrygdlova, sjeldan er tale om å kontrollere sensitive personopplysningar, til dømes om helse.

Hovudregelen etter personopplysningslova § 20 er at den det blir samla inn opplysningar om, skal informerast om dette, men i andre ledd er det unntak frå informasjonsplikta dersom innsamlinga er uttrykkjeleg fastsett i lov. Departementet gav i høyringsnotatet uttrykk for at den føreslåtte oppramsinga av kva for opplysningar som kan hentast inn, er så presis at det ikkje er behov for varslings. Departementet la derfor til grunn at unntaket i § 20 andre ledd skulle komme til bruk.

8.4 Innspel frå høyringsinstansane

Datatilsynet, Klagenemnda for Husbanken, Larvik kommune, Trondheim kommune, Leieboerforeninga, Hamar kommune og Skattedirektoratet støttar forslaget.

Justis- og beredskapsdepartementet peikar på at det ikkje går fram av høyringsnotatet kvifor det er behov for opplysningar om «lovleg tilgang til opphald eller arbeid i riket», og tilrår at dette blir presisert i proposisjonen. Justisdepartementet meiner at ordlyden kan «tydeliggjøre hva slags opplysninger som skal kunne innhentes, nemlig opplysninger om hvorvidt en person har lovlig opphold i Norge eller hva slags oppholdsstatus vedkommende ellers har». Justis- og beredskapsdepartementet peikar også på at lovteksten er avgrensa til å gje heimel for å kontrollere opplys-

ningar som er nødvendige for å kontrollere om vilkåra for å få bustøtte *er* oppfylte, og at det derfor er naturleg å forstå det slik at dei innhenta opplysningane ikkje skal kunne brukast til å kontrollere om vilkåra har vore oppfylte i tilbakelagde periodar. Justisdepartementet peika vidare på at forslaget ikkje tek opp forholdet til teieplikta, og at det ikkje er omtalt i høyringsnotatet om dette er eit bevisst val.

Husbanken meiner at adresseregisteret til Posten må vere med.

Utlendingsdirektoratet er positive til elektronisk utveksling av opplysningar mellom etatar, og meiner at forslaget frå departementet til korleis registersamkøyring skal skje, er eigna til å sørgje for personvernet til dei registrerte. Likevel presiserer Utlendingsdirektoratet at forholda per i dag ikkje ligg til rette for uttak frå Utlendingsdatabasen (UDB) eller opphaldsstatustenesta til direktoratet.

Larvik kommune støttar forslaget, men ser på innhenting av helseopplysningar utan samtykke som eit alvorleg inngrep overfor bustøttemottakarar, som ikkje bør skje.

Leieboerforeningen peikar på at dersom etterkontroll viser at inntekta har vore for høg i det aktuelle året, vil bustøtta for heile året bli kravd tilbake, ikkje berre for dei månadene inntekta var for høg. For personar som går frå låg til middels inntekt og så vidt kjem over grensa for tilbakebetaling, vil dette kunne bli ein stor og urimeleg kostnad. Leieboerforeningen poengterer også at ved å gjere ein automatisk kontroll av alle, og ikkje berre dei som får bustøtte, vil ein kunne få ei liste over personar som ikkje har søkt, men som kan ha rett på støtte.

8.5 Vurderingar frå departementet

Departementet meiner at gjenbruk av allereie innsamla data er positivt for samfunnet. Dette er også i tråd med synspunkt frå Riksrevisjonen i fleire dokument til Stortinget. Sjå til dømes «Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetenes innsats mot økonomisk kriminalitet», jf. Dokument nr. 3:3 (2008–2009). Samla sett meiner departementet at fordelane ved meir kontroll klart veg opp for ulempene ved inngrepet i personvernet.

Departementet viser til at arbeids- og sosialkomiteen var positiv til auka registersamkøyring då han fekk presentert forslag til endringar i folketrygdloven (tiltak mot misbruk av velferdsordninger), jf. Innst. 245 L (2012–2013). Komiteen viste til at gjenbruk av allereie innsamla data, gjennom registerkontroll, gjev færre saker og færre personopplysningar som må gåast gjennom fysisk av

sakshandsamarar. Fysisk gjennomgang fører til spreingsfare. Departementet konstaterer at auka registerkontroll i realiteten vil seie at handsaminga av personopplysningar blir avgrensa samanlikna med om alle sakene skulle vore kontrollerte manuelt. Føremålet med kontrollen er ikkje berre det negative i å avdekkje misbruk, men også å sikre at mottakarane får den støtta dei har krav på. Dette kan slå begge vegar, men vil altså også sikre at mottakarane får oppjustert bustøtta dersom til dømes inntekta har gått ned. Ei slik automatisert oppjustering vil gagne mottakarar som ikkje sjølv forstår kva ein inntektsnedgang har å seie for bustøtta, og er med på å rettferdiggjere eit visst inngrep i personvernet.

Departementet er einig med *Justisdepartementet* i at det bør gå fram kvifor det er behov for opplysningar om opphald og arbeid i Noreg. Departementet viser til bustøttelova § 2, der det går fram at «lova gjeld for personar som er registrerte i folkerregisteret og lovleg busette i Noreg». Personar som ikkje har lovleg opphald i Noreg, har altså ikkje krav på bustøtte. Departementet peikar på at det kan ta lang tid før endringar i status knytt til lovleg opphald blir registrert i folkerregisteret. Ei kopling mot opphaldsstatustenesta til Utlendingsdirektoratet gjer det mogleg å raskare fange opp personar som ikkje har rett til bustøtte fordi dei ikkje lenger har lovleg opphald i landet. I Utlendingsdatabasen (UDB) er det mogleg med uttrekk. Husbanken har derimot ikkje behov for å vite om personar har «arbeid i riket». Tilvisinga til «arbeid i riket» er derfor teken ut.

Justis- og beredskapsdepartementet peikar på at lovteksten i høyringsutkastet er avgrensa til å gje heimel for å kontrollere opplysningar som er nødvendige for å avgjere om vilkåra for å få bustøtte *er* oppfylte, og at det derfor er naturleg å forstå det slik at opplysningane som blir henta inn, ikkje skal kunne brukast til å kontrollere om vilkåra har vore oppfylte i tilbakelagde periodar. Departementet gjer merksam på at det klart nok har vore intensjonen at også kontroll i tilbakelagde periodar skal vere omfatta. Ordlyden er endra i tråd med dette.

Justis- og beredskapsdepartementet og *Husbanken* har poengtert at forholdet til teieplikta, i motsetnad til i § 8 i forslaget, ikkje blir påverka. Det kan då sjå ut som om teieplikta ikkje skal opphevast. Departementet meiner at utlevering/innhenting av opplysningar skal skje utan hinder av teieplikta, altså at teieplikta skal opphevast. Av forvaltningslova § 13 f andre ledd går det fram at teieplikta må vike for opplysningsplikta når det er uttrykkeleg bestemt i særskild lov.

Departementet er einig med *Husbanken* i at Posten, sidan han er organisert som eit AS, ikkje er omfatta av omgrepet «offentleg styresmakt» i § 8 første ledd i høyringsutkastet. Det er viktig for Husbanken å få tilgang til opplysningar frå adresseregisteret til Posten fordi mange av misbrukssakene handlar om at søkjaren oppgjev uriktig bustad. «Postoperatør» er derfor teke med i overskrifta og i andre leddet i lovteksten.

Larvik kommune ser på innhenting av helseopplysningar utan samtykke som eit alvorleg inngrep overfor bustøttemottakarar, som ikkje bør skje. Departementet er einig i dette, og viser til § 8 a tredje ledd siste setning i forslaget, der det går fram at sensitive personopplysningar ikkje kan masseinnhentast.

9 Kontroll i enkeltsaker etter at bustøtte er innvilga, for å avdekkje misbruk

9.1 Innleiing

Denne typen kontrollar er aktuelt for register det ikkje er mogleg å gjennomføre registerkontroll mot, eller opplysningar som ikkje kan kontrollrast maskinelt. Kontroll i enkeltsaker kan særleg bli aktuelt dersom Husbanken får inn tips om mogleg misbruk. Når kontrollen har til føremål å avdekkje eit eventuelt misbruk, må ein vurdere forholdet til personopplysningsvernet og legalitetsprinsippet særleg nøye.

Departementet føreslår ein heimel til å krevje opplysningar frå «alle» dersom det er rimeleg grunn til mistanke om misbruk av bustøtte. Heimelen må vere utforma nokså vidt for at han skal kunne verke etter føremålet sitt. For å avdekkje fiktive leigeforhold og juks med husleigebeløp kan det til dømes vere interessant å sjekke med banken til bustøttemottakaren om det blir betalt husleige, og i tilfelle med kva for beløp.

9.2 Gjeldande rett

Bustøttelova har ingen reglar om kontroll i enkeltsaker basert på mistanke om misbruk. Samtykkeskjemaet som er nemnt i avsnitt 7.2 og 8.2 dekkjer heller ikkje denne typen kontrollar.

9.3 Høyringsutkastet frå departementet

Departementet føreslo i høyringsutkastet at Husbanken får heimel i lov til å krevje opplysningar frå «alle», så sant det er «sterk grunn til mistanke»

om misbruk av bustøtte. Husbanken skal av eige tiltak informere om at det har vore henta inn opplysningar frå andre.

Departementet føreslo at reglar om kontroll av opplysningar frå enkeltpersonar for å avdekkje misbruk blir teke inn i ny § 8 c.

9.4 Innspel frå høyringsinstansane

Datatilsynet meiner at det bør vere tilgang for Husbanken til å gjere nærare undersøkingar når det er sterk og konkret mistanke om misbruk. Datatilsynet meiner at dei føreslåtte heimlane i høyringsutkastet er tilstrekkeleg avgrensa.

Leieboerforeningen er kritisk til forslaget, og «tror ikke det er gunstig at vi får en situasjon som baserer seg på angiveri og hvor tips fra tilfeldige personer kan føre til store inngrep i personvernet». Leieboerforeningen er også skeptisk til at Husbanken skal få heimel til å hente inn opplysningar frå «kven som helst».

Advokatforeningen meiner det er grunn til å tru at det er tale om ei lita gruppe som skal kontrollrast med heimel i den føreslåtte føresegna, og meiner det er «uhensiktsmessig å gi en vid hjemmel for å kunne avdekke enkeltpersoners misbruk av ordningen, særlig når dette ikke er et dokumentert omfattende problem». Advokatforeningen peikar på at ein truleg kan bøte delvis på problemet ved heller å skrive til dei det gjeld, og be om meir informasjon. Til slutt hevdar Advokatforeningen at det vil bli utfordrande å praktisere kriteriet «sterk og konkret mistanke» fordi det er skjønnsmessig.

Stavanger kommune meiner at «kontrolltiltak som innebærer å involvere privatpersoner og/eller andre private aktører», er for vidtrekkande. Slik innhenting av opplysningar vil gripe for sterkt inn i personvernet til bustøttemottakaren, hevdar kommunen. Stavanger kommune føreslår at omgrepet «alle» i første punktum blir erstatta med at ein berre kan hente inn opplysningar frå «offentlege styresmakter, långjevarar, utleigarar, burettslag og eigarseksjonssameige».

Bærum kommune meiner også at forslaget om å kunne hente inn opplysningar frå «alle» er eit stort inngrep, og at behovet for denne heimelen er for lite utgreidd i høyringsnotatet.

Larvik kommune meiner at heimelen går langt utover det som er nødvendig.

Klagenemnda for Husbanken meiner føresegna som er føreslått, «i betenkelig grad [vil] gå utover personvernet, og nærme seg et angiversamfunn som ikke er ønskelig». Klagenemnda spør også

om det er Husbanken eller Klagenemnda som skal avgjere om mistanken er sterk og konkret.

Husbanken meiner at føreseгна bør gjerast meir effektiv enn det som er føreslått. Husbanken meiner at kravet om «sterk mistanke» bør senkast til «rimeleg grunn til mistanke», slik kravet er i folketrygdlova. Den høge terskelen i føreseгна vil, slik Husbanken oppfattar det, gjere det vanskeleg å følgje opp tips. Husbanken viser til at når beviskravet er så strengt, har Husbanken uansett ofte grunnlag for å fremme tilbakekrav. Husbanken meiner dessutan at ein kan sjå det som eit større personverninngrep å kontrollere nokon utan mistanke, slik ein gjer ved registersamkøyring, enn å kontrollere når det finst mistanke. Husbanken kan ikkje sjå at det er grunn til å ha eit anna beviskrav enn etter folketrygdlova. Husbanken meiner ein bør vurdere å presisere at føreseгна gjeld for informasjon som ikkje kan hentast inn med heimel i §§ 8 og 8 a.

Justis- og beredskapsdepartementet har ein del lovtekniske innspel.

9.5 Vurderingar frå departementet

Departementet meiner at legitimiteten til ordninga er avhengig av at støtte berre blir betalt ut til dei som har krav på det. Ein må forhindre og avdekkje misbruk av bustøtte. Bustøttelova har ingen reglar som klart heimlar kontroll med dette som føremål. Departementet meiner det er heilt nødvendig med tilføyingar i lova som ikkje etterlèt tvil om at Husbanken kan gjennomføre etterkontrollar. Ein må vurdere forholdet til personopplysningsvernet og legalitetsprinsippet nøye ettersom avdekking av misbruk kan føre til straffansvar for enkeltpersonar.

Leieboerforeningen, Stavanger kommune og *Bærum kommune* meiner at forslaget går for langt når det står at «alle» som har informasjon som kan belyse saka, kan bli pålagde å gje opplysningar som er nødvendige for å avdekkje eller avgrense misbruk. Også *Advokatforeningen, Larvik kommune* og *Klagenemnda for Husbanken* går imot forslaget, men det er noko uklart for departementet om dette er fordi dei meiner at føreseгна ikkje bør bli vedteken i det heile, eller fordi personkrinsen som kan bli pålagd å gje opplysningar, er for vid. *Husbanken* meiner at ein bør gjere føreseгна meir effektiv enn det som er føreslått, ved å senke kravet om sterk mistanke til rimeleg grunn til mistanke, slik kravet er i folketrygdlova § 21-4 a. Den høge terskelen i føreseгна vil, slik Husbanken ser det, gjere det vanskeleg å følgje opp saker der ein registerkontroll tilseier at ein bør gå sakene nær-

are etter i saumane gjennom å hente inn utfyllande opplysningar. Det blir også vanskeleg å følgje opp tips.

Departementet har etter ei nærare vurdering komme til at omsynet til å sikre at føreseгна blir effektiv og mogleg å bruke for dei som skal arbeide med å kontrollere enkeltsaker, bør vege tungt. Når folketrygdlova har eit krav om rimeleg grunn til mistanke, er det dessutan vanskeleg å sjå at det bør vere annleis etter bustøttelova. Departementet meiner etter dette at det er forsvaret å senke beviskravet.

Når det gjeld det nærare innhaldet i beviskravet, viser departementet til dei spesielle merkna-dene til § 8 c.

Heimelen er meint å gjere det mogleg for Husbanken å krevje opplysningar frå bankar eller andre private. Bankar kan ha opplysningar om bustøttemottakaren betalar husleige, og i tilfelle med kva for beløp.

Husbanken meiner elles også at det kan synast som eit større personverninngrep å kontrollere nokon utan mistanke, slik ein gjer ved registersamkøyring, enn å gjennomføre kontroll når nokon er mistenkt. Slik sett meiner Husbanken at det er eit paradoks at det skal vere vesentleg strengare å kontrollere basert på konkret mistanke enn å gjennomføre registersamkøyring. Departementet er ikkje einig i dette. Departementet meiner det vil bli opplevd som meir stigmatiserande og ubehageleg å bli kontrollert åleine enn å bli kontrollert fordi ein tilfeldigvis står på ei liste saman med eit større tal andre personar som er plukka ut til rutinekontroll.

Advokatforeningen meiner det kan bli utfordrande å praktisere føreseгна fordi beviskravet er skjønnsmessig. Departementet meiner at det ikkje er mogleg å lage ei vilkårsside med objektive vilkår for kontroll, og tilsvarende uttrykk blir brukte i ei rekkje andre lover som har kontrollheimlar.

I høyringsutkastet føreslo departementet at mistanken også skulle vere «konkret». Departementet har komme til at det er tenleg å stryke dette kriteriet. Departementet meiner at det vil bli vanskeleg for dei som arbeider med kontroll, å avgjere om dei forholda som gjev grunn til mistanke om misbruk, også er «konkrete» på den måten føreseгна krev.

Det er også gjort ei mindre justering i ordlyden, slik at formuleringa i forslaget om at det må liggje føre «sterk og konkret mistanke om at det er skjedd urettmessige utbetalningar», er endra til «grunn til mistanke». Denne formuleringa er betre i samsvar med andre lovføreseგner som heimlar kontroll ved mistanke.

Føreseгна vil heimle ei nokså inngripande form for kontroll, og ein må derfor praktisere henne varsamt. Likevel er det, slik departementet ser det, nødvendig å gje nokså vide heimlar for at kontrollen skal kunne bli effektiv.

10 Økonomiske og administrative konsekvensar

Det er ikkje mogleg å gje presise anslag over kor mykje ein kan spare på statsbudsjettet med betre kontrollheimlar. Årsakene til dette er, for det første, at det ikkje er mogleg å vite kor mykje som i dag blir utbetalt urettmessig, og, for det andre, at betre kontroll kan verke avskrekkande og hindre framtidig misbruk utan at ein kan kvantifisere dette.

Nokre anslag er det likevel mogleg å gje. Det er naturleg å ta utgangspunkt i at totalt ubetalt bustøtte i 2013 utgjorde ca. 2,9 milliardar kroner fordelt på ca. 148 000 mottakarar.

Proba samfunnsanalyse har gjort analysar av Nav-yingar. I ein rapport frå 2013 («Trygdesvindel i Norge – en kartlegging av fem stønadsordninger») kjem dette fram i oppsummeringa:

Vi finner at det trolig svindles med disse ordningene i størrelsesorden 5 prosent av utgiftene. Variasjonen mellom ytelsene er imidlertid stor, fra 3 til 13 prosent. Det er betydelig usikkerhet knyttet til anslagene.

Nav har gjennom fleire år sett søkjelys på svindel og misbruk. Heimlane er omfattande, og det finst eigne einingar som er dedikerte til dette arbeidet. For bustøtta er kontrolltrykket per i dag lågt. Dette er ein faktor som kan indikere at prosentandelen svindel er høgare. På den andre sida kan det nemnast at det er eit større vinstpotensial i å avdekkje svindel med Nav-ordningar. Som ein del av heilskapsbiletet må ein også trekkje fram at svindel med støtteordningar ikkje sjeldan skjer ved at ein misbrukar fleire ordningar.

Dersom gjennomsnittet på 5 % blir lagt til grunn også for bustøtte, er potensialet for innsparingar på om lag 150 millionar kroner per år. Det er likevel ikkje å forvente at ein klarer å fange opp alle som svindlar. Ein må derfor forvente at innsparinga blir ein del mindre enn potensialet. Med alle atterhald, uklare moment, tal og overslag som går fram ovanfor, går departementet ut frå at gode kontrollar kan gje ei innsparing i statsbudsjettet på rundt 50–100 millionar kroner per år.

Det at ein gjer det mogleg å hente inn opplysningar direkte og utan samtykke, vil effektivisere sakshandsaminga og bidra til at det blir gjort fleire rette vedtak.

Auka registersamkøyring vil kunne gje administrative fordelar. Departementet har førebels gått ut frå ei årleg innsparing for feilutbetalingar på 50 millionar kroner etter elektronisk registersamkøyring av bustøttesøknader mot oppdaterte inntektsopplysningar frå Skatteetaten.

Auka registersamkøyring vil samtidig gje den «ulempa» at Husbanken må gå gjennom og handsame fleire saker.

Endringane inneber økonomiske og administrative kostnader for Husbanken. Husbanken forvaltar IKT-systemet for berekning av bustøtte, og dette må tilpassast nye føresetnader. Det er berekna utviklingskostnader på om lag 6,7 mill. kroner i 2015 og 8 mill. kroner i 2016. Skatteetaten vil ha kostnader med å leggje til rette for nytt grensesnitt for utlevering av data til Husbanken.

11 Merknader til dei enkelte føresegnene i lovforslaget

Til § 8 første ledd

Forslaget er omtalt i kapittel 7.

Føreseгна får ny overskrift, slik at det går fram at ikkje berre «handsaming», men også «innhenting» av personopplysningar blir regulert. Dagens § 8 første og andre ledd blir oppheva. Reglane blir samla i eit nytt første ledd.

Husbanken kan med heimel i *første punktum* mellom anna få informasjon om utbetaling etter folketrygdlova. Når teknisk løysing som nemnt under punkt 5.2 er klar i løpet av 2016, vil Husbanken få fast tilgang til oppdaterte inntektsopplysningar. Første punktum reknar opp kvar ein kan hente inn opplysningar frå, i uttømmande form. Det er føydd til at «postoperatør» kan bli pålagt å gje opplysningar. Husbanken treng opplysningar frå adresseregisteret til Posten. Ordlyden dekkjer ikkje helsepersonell. Føreseгна kan altså ikkje brukast på helseopplysningar som ligg under teieplikt etter helsepersonellova. Dette står i motsetnad til folketrygdlova § 21-4, der det går fram at «opplysningar kan innhentes fra helsepersonell».

Samtykkekravet, som tidlegare følgde av andre ledd, blir fjerna og erstatta av det nye førsteleddet, som i staden blir lovgrunnlag for å hente inn og handsame personopplysningar. *Andre punktum* slår uttrykkjeleg fast at ein kan hente inn

opplysningar utan samtykke. Årsaka til at samtykkekravet blir fjerna, er omtalt i kapittel 7.

Første ledd omfattar også tilbakelagde periodar. Opplysningar for tilbakelagde periodar må også kunne bli kontrollerte sidan ikkje alle opplysningar nødvendigvis blir kontrollerte i samband med vedtak.

Det går fram av *tredje punktum* at den som pliktar å levere ut opplysningar, ikkje kan krevje betaling. Departementet presiserer at det gjeld opplysningar som allereie er samla inn (ikkje treng produserast).

Reglane om informasjonsplikt i personopplysningslova § 20 skal gjelde. Ei tilvising til personopplysningslova § 20 er teken inn i *fjerde punktum*.

I *femte punktum* blir det slått fast at tvistelova §§ 22-8 og 22-9 skal gjelde på same måten. Etter føresegna i § 22-8 kan nærståande nekte å gje opplysningar «om det som er meddelt dem av parten». I tvistelova § 22-9 er det reglar om bevisfritak for «belastende personopplysninger». Dei andre føresegnene om bevisforbod og bevisfritak i tvistelova kapittel 22 skal ikkje gjelde.

Tredje ledd blir nytt andre ledd.

Til ny § 8 a

Forslaget er omtalt i kapittel 8.

Føresegna har fått overskrifta «masseinnhenting av opplysningar for kontrollføremål». «Registerkontroll» eller «registersamkøyring» er, slik departementet ser det, meir informative ord, men i folketrygdlova nyttar ein omgrepet «masseinnhenting». Departementet har komme til at det er ein fordel at dei to lovene har same omgrepsbruk, men i proposisjonen her er begge omgrepa brukte.

Første til tredje ledd i føresegna er heimelen for registerkontroll, som gjev Husbanken høve til å gjennomføre slike kontrollar utan at den registrerte må samtykkje. Føremålet med kontrollen kan vere å avdekkje misbruk eller å sikre at mottakarane får den støtta dei har krav på.

Registersamkøyring kan skje ved samkøyring av namnelister frå sakshandsamingssystemet i Husbanken med namnelister i register hos andre offentlege styresmakter og postoperatør. Ved registersamkøyring kan Husbanken gje ut opplysningar frå sakshandsamingssystemet sitt for så å hente inn opplysningar frå eit anna register utan at det er mistanke om feil i faktagrunnlaget i saka. Det er tale om rutinemessige kontrollar. Namnelister gjer det heilt klart kven kontrollen gjeld. Registersamkøyring vil resultere i lister over saker det er grunn til å sjå nærare på.

Første ledd første punktum slår fast at Husbanken kan masseinnhente opplysningar utan hinder av eventuell teieplikt.

I *andre punktum* går det fram at også opplysningar om husstandsmedlemmene til mottakaren kan bli henta inn gjennom registersamkøyring.

I *tredje punktum* er det heimel for å hente inn opplysningar om bustader og om kven som bur eller har budd i ein bustad som er del av ei bustøttesak.

Fjerde punktum slår fast at føremålet med innhentinga må vere å kontrollere om vilkåra for å få bustøtte er eller har vore oppfylte. Dette tilfredsstiller kravet i personopplysningslova § 11 første ledd litra b om at personopplysningar berre kan «nyttes til uttrykkelig angitte formål».

I *andre ledd* blir det rekna opp kva for register ein kan hente inn opplysningar frå. For det første kan Husbanken hente inn opplysningar frå register hos andre offentlege styresmakter. Dei mest aktuelle registera er folkeregisteret, likningsregistera, registeret til Lånekassen, verneplikts- og tenesteregisteret til Forsvaret, opphaldsstatustenesa til Utlendingsdirektoratet og registera til Nav. For det andre kan Husbanken hente inn opplysningar frå postoperatør. Det er viktig for Husbanken å få tilgang til opplysningar frå adresseregisteret til Posten fordi mange av misbrukssakene handlar om at søkjaren oppgjev uriktig bustad.

Tredje ledd første punktum reknar opp kva slags opplysningar masseinnhentinga kan gjelde, i uttømmende form. Heimelen gjeld, for det første, opplysningar om inntekt eller andre økonomiske forhold. «Andre økonomiske forhold» kan til dømes vere formue. For det andre omfattar heimelen opplysningar om yrke og om søkjaren er student, arbeidsledig eller vernepliktig. Studentar og vernepliktige fell utanfor ordninga, og det er derfor viktig å kunne fange opp slik status. For det tredje kan Husbanken hente inn opplysningar om lovleg opphald i Noreg, ettersom lovleg opphald er eit vilkår for rett til bustøtte. For det fjerde kan det hentast inn opplysningar om bustad og adresse. Til slutt i første punktum går det fram at Husbanken kan hente inn opplysningar om kven mottakaren bur saman med, ettersom dette er viktig, og kanskje avgjerande, for retten til og storleiken på eventuell bustøtte. I *andre punktum* er det presisert at sensitive personopplysningar ikkje kan masseinnhentast. Tilsvarende regel finst i folketrygdlova § 21-4 d første ledd bokstav b.

I *fjerde ledd første punktum* er det gjeve heimel for departementet til i forskrift å gje utfyllande reglar om gjennomføring av registerkontrollar. Etter *andre punktum* kan departementet også i

forskrift gje reglar om at andre opplysningar enn dei som er nemnde i første ledd, skal kunne bli henta inn. Føresetnaden er at opplysningane er av tilsvarende art, og av dette følgjer det at sensitive opplysningar ikkje er omfatta av forskriftsheimelen. I *siste punktum* er det heimel for departementet til i forskrift å gje reglar om kva for register som skal kunne brukast.

Til ny § 8 b

Forslaget er omtalt i kapittel 8.

Departementet føreslår detaljerte reglar om rammene for *gjennomføringa* av registerkontroll i ny § 8 b. Gjennomføringsreglane bidreg til å sikre personvernet ved at dei gjev klare rammer for kva slags kontrollar som kan gjerast, og dermed minimaliserer ei eventuell personvernkrenking. Departementet føreslo i høyringsnotatet at reglane om gjennomføring av masseinnhenting skulle bli integrerte i § 8 a. Etter tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet er reglane skilde ut i ei eiga føresegn.

Første ledd slår fast at masseinnhenting skal gjerast av ei særskilt utpeika eining. Dette er teke med for å unngå spreiding av opplysningar.

Andre ledd slår fast at ein kan formidle opplysningar vidare.

Tredje ledd presiserer at opplysningar skal bli sletta så snart omsynet til kontroll og oppfølging tillèt det.

Fjerde ledd har reglar som sikrar at eventuelle andre opplysningar enn dei masseinnhentinga direkte gjeld, ikkje skal vere med eller bli utleverte. Det same gjeld opplysningar om andre personar enn dei masseinnhentinga gjeld. Dersom slike opplysningar likevel – ved eit mistak – skulle bli utleverte, skal ein slette opplysningane omgåande.

Femte ledd seier at det andre offentlege organet eller postoperatøren skal leggje til rette for at opplysningane kan gjerast elektronisk tilgjengelege.

I *sjette ledd* er det presisert at ein ikkje kan krevje betaling.

Sjuande ledd slår fast at varslingsplikta etter personopplysningslova § 20 gjeld. I høyringsnotatet var dette ikkje teke med. Departementet har komme til at ein likevel ville føreslå at informasjonsplikta skal gjelde for registerkontrollar. Den generelle informasjonen frå Husbanken til bustøtttemottakarane inneheld opplysningar om at det vil bli gjennomført rutinemessige kontrollar, også i form av elektronisk registerkontroll, men departementet meiner at dei som faktisk blir kontrollerte

på denne måten, skal ha individuell informasjon om dette.

Til ny § 8 c

Forslaget er omtalt i kapittel 9. Forslaget var § 8 b i høyringsnotatet, men er flytta til § 8 c fordi gjennomføringsreglane til registerkontrollane som er heimla i § 8 a, blei skilde ut i ei eiga føresegn, og dermed tok § 8 b.

Heimelen er nokså vidt utforma for å sikre at han vil verke slik han er meint å gjere. Ein må derfor praktisere denne føresegna varsamt. Husbanken skal for eksempel aldri ta kontakt med naboar til ein bustøtttemottakar for å få opplysningar.

Første ledd første punktum slår fast at Husbanken kan krevje opplysningar frå tredjeperson. Det vil seie at alle som kan ha opplysningar som er eigna til å belyse saka, kan bli pålagde å gje opplysningar som er nødvendige for avdekkje eller avgrense urettmessig utbetaling av bustøtte. Denne typen opplysningsinnhenting er mest aktuell når det ikkje er mogleg å gjennomføre registerkontroll, eller når ein ikkje kan kontrollere opplysningar maskinelt. Kontroll i enkeltsaker kan særleg bli aktuelt dersom Husbanken får inn tips om mogleg misbruk. For å avdekkje fiktive leigeforhold og juks med husleigebeløp kan det til dømes, om enn berre unntaksvis, vere mogleg å påleggje banken til bustøtttemottakaren å gje opplysningar om det blir betalt husleige, og i tilfelle med kva for beløp.

I *andre punktum* blir det foreslått at beviskravet skal vere «rimeleg grunn» til mistanke, jf. også folketrygdlova § 21-4 a. Det går fram av førearbeida til folketrygdlova § 21-4 a, jf. Ot.prp. nr. 76 (2007–2008) om lov om endringer i folketrygdloven, at «rimelig grunn til mistanke» skal forståast omtrent på same måten som tilsvarende krav i straffeprosesslova § 224 første ledd for å setje i gang etterforsking. Også i konkurranselova § 25 er «rimelig grunn til mistanke» brukt som vilkår for gransking/bevissikring, sjå Ot.prp. nr. 102 (2005–2006). Føresegna skal som utgangspunkt forståast på same måten som andre lover som har dette beviskravet. Det vil vere nok til å krevje opplysningar frå tredjepersonar at Husbanken meiner det er truleg at bustøtta blir misbrukt, og at ein vurderer det som nødvendig å hente inn fleire opplysningar for å avkrefte eller stadfeste denne mistanken. Vurderinga vil vere utprega skjønsmessig.

Tredje punktum gjev høve til å krevje opplysningar også om andre enn bustøtttemottakaren, typisk personar som Husbanken har grunn til å tru at bur saman med bustøtttemottakaren.

Andre ledd første punktum slår fast at personopplysningslova § 20 skal gjelde for opplysningar som er henta inn etter denne føresegna. Personopplysningslova § 20 gjev den handsamingsansvarlege ei plikt til å informere den registrerte om kva for opplysningar som blir samla inn. Etter personopplysningslova § 20 andre ledd har ikkje den registrerte krav på varsel når innsamlinga er heimla i lov, men departementet meiner likevel at det bør varslast. Departementet føreslår likevel at dei som blir kontrollerte, ikkje bør få informasjon før det er konkludert i kontrollsaka. Varsling på eit tidlegare tidspunkt vil kunne forvanske kontrollen.

I *andre punktum* blir teieplikta oppheva for den som blir pålagd å gje opplysningar, medan det i *tredje punktum* er presisert at teieplikta likevel gjeld for opplysningar som ligg under teieplikt etter helsepersonellova. I *fjerde punktum* blir det slått fast at den som blir pålagd å gje opplysningar, ikkje kan krevje betaling for dette.

I *femte punktum* blir det slått fast at tvistelova §§ 22-8 og 22-9 skal gjelde på same måten. Etter

føresegna i § 22-8 kan nærstående nekte å gje opplysningar «om det som er meddelt dem av parten». I § 22-9 er det reglar om bevisfritak for «belastende personopplysninger». Dei andre føresegnene om bevisforbod og bevisfritak i tvistelova kapittel 22 skal ikkje gjelde.

Til ikraftsetjingsregelen

Det blir føreslått at lova skal gjelde frå den tida Kongen fastset.

Lovendringane er ikkje av ein slik art at det er behov for overgangsreglar.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i bustøttelova (skjerpa kontroll med bustøtte).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i bustøttelova (skjerpa kontroll med bustøtte) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i bustøttelova (skjerpa kontroll med bustøtte)

I

I lov 24. august 2012 nr. 64 om bustøtte blir det gjort følgjande endringer:

Overskrifta i § 8 skal lyde:

§ 8 Innhenting og handsaming av personopplysningar

§ 8 første ledd skal lyde:

Husbanken og kommunane kan utan hinder av teieplikt påleggje offentlege styresmakter, långevarar, utleigarar, burettslag, eigarseksjonssameige og postoperatør å gje opplysningar som er nødvendige for å kontrollere om vilkåra for å få bustøtte er oppfylte eller har vore oppfylte i tilbakelagde periodar. Husbanken og kommunane kan hente inn slike opplysningar direkte frå instansane som er nemnde i første punktum, og nytte dei i sakshandsaminga utan samtykke frå den det gjeld. Den som blir pålagt å gje opplysningar i medhald av paragrafen her, kan ikkje krevje godtgjering. Personopplysningsloven § 20 om informasjonsplikt gjeld. Reglane om bevisfritak i tvisteloven §§ 22-8 og 22-9 gjeld tilsvarande.

§ 8 andre ledd blir oppheva, og tredje ledd blir nytt andre ledd.

Ny § 8 a skal lyde:

§ 8 a Masseinnhenting av opplysningar for kontrollføremål

Husbanken kan utan hinder av teieplikt hente inn registrerte opplysningar om ei større mengd namngjevne mottakarar av bustøtte for elektronisk samanlikning med opplysningar i eit anna register (masseinnhenting). Opplysningar om husstandsmedlemmene til mottakarane kan hentast inn på same måte. Husbanken kan òg hente inn opplysningar om bustader og kven som bur eller har budd i bustader som er del av ei sak om bustøtte. Føremålet med innhentinga må vere å kontrollere om vilkåra for å få bustøtte er eller har vore oppfylte.

Masseinnhenting kan skje frå register hos andre offentlege styresmakter, postoperatør eller frå Husbanken og kommunane sine eigne register.

Masseinnhenting kan gjelde opplysningar om inntekt eller andre økonomiske forhold, yrke (student/arbeidsledig/vernepliktig), bustad eller adresse, lovleg tilgang til opphald i riket og kven mottakaren bur saman med. Opplysningar som er rekna som sensitive etter personopplysningsloven § 2 nr. 8, kan ikkje masseinnhentast.

Departementet kan i forskrift gje utfyllande reglar om gjennomføringa av masseinnhenting. Departementet kan også i forskrift gje reglar om at masseinnhentinga skal kunne omfatte andre opplysningar enn dei som er nemnde i tredje ledd, dersom opplysningane er av tilsvarande art og ikkje fører til vesentlege personvernkretingar. Det kan også fastsetjast i forskrift kva register opplysningar kan hentast inn frå.

Ny § 8 b skal lyde:

§ 8 b Gjennomføring av masseinnhenting

Masseinnhenting skal gjerast av ei særskilt utpeika eining. Eininga kan hente inn, registrere, samanstillе og lagre opplysningar så langt det er nødvendig for å avgjere om bustøtte blir eller har blitt utbetalt i strid med vilkåra for å ta imot støtte.

Opplysningar om den enkelte mottakaren av bustøtte kan vidareformidlast med sikte på å korrigere eller stanse feilaktige utbetalningar, krevje tilbakebetaling av for mykje utbetalt beløp, og straffefølgjing. Elles kan vidareformidling skje når dette følgjer av lov eller reglar gjevne i medhald av lov.

Opplysningar som er henta inn ved masseinnhenting, skal slettast så snart omsynet til kontroll og oppfølging tillèt det.

Masseinnhentinga skal gjennomførast slik at opplysningar som ikkje verkar inn på retten til bustøtte, ikkje blir omfatta eller utleverte. Innhentinga skal heller ikkje føre til at det blir utlevert opplysningar om andre personar enn dei som kontrollen gjev grunn til å følgje opp. Dersom slike opplysningar likevel skulle bli utleverte, skal dei slettast omgåande.

Offentlege styresmakter eller postoperatør skal leggje til rette for at opplysningane dei har, på førespurnad blir gjorde elektronisk tilgjengelege for sær-

skilt utpeika einingar i Husbanken. Det kan ikkje krevjast godtgjering for slik tilgjengeleggjering og utlevering av opplysningar.

Den som blir pålagd å gje opplysningar i medhald av paragrafen her, pliktar å gjere dette utan godtgjering.

Personopplysningsloven § 20 om informasjonsplikt gjeld.

Ny § 8 c skal lyde:

§ 8 c Innhenting av opplysningar frå tredjeperson

Kommunen, Husbanken eller særskilt utpeika einingar kan påleggje alle som kan ha informasjon som er eigna til å belyse saka, å gje opplysningar som er nødvendige for å avdekkje eller avgrense urettmessig utbetaling av bustøtte. Vilkåret er at det ligg føre ein rimeleg grunn til mistanke om at det er skjedd eller vil skje urettmessig utbetaling av bustøtte. Opplysningar kan krevjast også om andre enn mottakaren av bustøtte.

Reglane om informasjonsplikt i personopplysningsloven § 20 gjeld for opplysningar som er henta inn etter paragrafen her, men den registrerte har først krav på informasjon når kontrollen er ferdig utført. Den som blir pålagd å gje opplysningar eller innsyn i dokument m.m. i medhald av paragrafen her, skal gjere det utan hinder av teieplikt. Helseopplysningar som ligg under teieplikt i lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v., kan ikkje hentast inn etter denne føreseigna. Den som blir pålagd å gje opplysningar eller innsyn i dokument, pliktar å gjere dette utan godtgjering. Reglane om bevisfri-tak i tvisteloven §§ 22-8 og 22-9 gjeld tilsvarende.

II

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.
